

Innspel til representantskapsmøte i NSG 19-20 mars 2014.

Bromma, 28. februar 2014.

Frå

Styret i Buskerud Sau og Geit.

Ved årsmøte i Buskerud sau og geit 22. februar, vart dette framlegg til vedtak bestemt å sende vidare til Behandling på årsmøte til NSG:

Ull, avl på NKS.

Mykje av framgangen i saueavlen kjem frå semin som avlstiltak. Det mest målretta tiltaket for å betre ullkvaliteten er difor å skjerpe inn kravet til innsette seminverar.

Som tiltak i samband med kåring ser me klypping for å avdekke svarte flekkar som det viktigaste. Lam til kåring som er tvilsame i høve til grov ull, bør ikkje gå vidare i saueavlen.

Årsmøte i BSG vil også støtte opp om det arbeidet som blir sett i gang for å kartlegge om ein del av søye -og lammeeigenskapar er arvelege. Ved å starte opp eit prosjekt vil ein kunne sjekke om eigenskapane er arvelege, før ein evt. Innfører registreringar i sauekontrollen.

Ull frå NKS, framlegg til vedtak på årsmøte i Norsk Sau og Geit:

Seminverar skal halde kravet til C1/kvit ull i det øyeblikk dei blir sett inn til semin, uavhengig av bedømming frå kåring. Ved vurdering av værar til semin skal representantar frå Norilia bedømme værane sin ullkvalitet.

Med Helsing Buskerud Sau og Geit.

Tor Grøthe, Leiar.

Vedlegg: Uttale med dokumentasjon frå Norilia.